

Gong og sykkelveg til Steinsletto

13.04.2011

Vi les med glede at Herøysund Bygdelag har sendt brev til kommunen om gong og sykkelveg i bygda, skriv Kjell Yri i Venstre. Han held fram:

Det uvanlege og svært prisverdige er at Bygdelaget tilbyr seg å hjelpa til med å forhandla om grunn. At born og vaksne kan ferdast langs vegen utan å vera redde for å bli påkøyrde av bilar er av stor verdi.

Kvinnherad Venstre har i programmet for neste valbolc prioritert gong og sykkelveg i Herøysundet. Denne må, slik Grendalaget skriv, knytast saman med postvegen.

I tillegg til Herøysundet, ynskjer vi gong og sykkelveg i Dimmelsvik. Denne må knytast saman med gong og sykkelvegen som i dag endar på Seimsfoss. Også frå Uskedal bru og til Steinsletto må det koma gong og sykkelveg.

Folkehelsearbeid vert no opprioritert av Helsedirektoratet.

Også i Kvinnherad kommune er ein igong med styrking av folkehelsearbeid. Gong og sykkelveggar er godt for folkehelsa. Ein kan gå, springa eller sykla og på den måten halda seg i betre fysisk form.

Venstre ynskjer at det på sikt blir samanhengande gong og sykkelveg mellom Sandvoll og Løfallstrand.

Kjell Yri